



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Thorleif Bøe
Skrautvålsvegen 1049
2943 ROGNE

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SKOFAR - 26/6822

Arkiv:

46/69, L42

Vår dato:

19.06.2026

Saksnr.	Utval
176/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
163/26	Kommunestyret

Byggeløyve - 46/69 Skrautvålsvegen 1049 - Tilbygg og fasdeendring

Tiltak: Tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 46/69 Skrautvålsvegen 1049
Tiltakshavar: Thorleif Bøe
Skrautvålsvegen 1049
2943 ROGNE

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4, og kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektør ved leiar av næring, plan og byggesak søknad om tillatelse til tiltak utan ansvarsrett på gnr. 46, bnr. 69, Skrautvålsvegen 1049. Søknaden er datert 05.06.2026.

Løyvet omfattar:

Tilbygg til bustad og fasadeendring.

Storleik på tiltaket:

BRA: 9 m²

BYA: 10 m²

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Dersom det ved tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jf. lov om kulturminne § 8. Melding skal narast sendast til kulturminnestyremaktene i Innlandet fylkeskommune.
2. Alt avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent mottak.

Saksopplysningar

Thorleif Bøe har sendt inn søknad om tilbygg og fasadeendring til bustaden på gnr. 46, bnr. 69 Skrautvålsvegen 1049.

Bustaden skal utvidast med 10 m² mot nord. I tillegg skal det bytast panel frå liggjande til ståande, samt endring av vinduer.

Samla BYA for eigedomen inkludert tilbygget er:

Areal tomt: 1684 m²

Bustad: 110 m²

Garasje: 59 m²

Uthus: 3 m²

Sum: 172 m²

% BYA for eigedomen er: 10,2%

Det ligg føre skriftleg samtykke frå naboar.

Vurdering

Tiltaket fell inn under plan- og bygningslova § 20-4. *Søknadspliktige tiltak som kan utførast av tiltakshavar.*

Eigedomen er ikkje regulert av reguleringsplan. Det er *Arealdelen til kommuneplanen 2026-2038*, som er gjeldande for eigedomen. Føremålet til tomta er *noverande busetnad*.

Etter punkt 4.2.3 i arealdelen er tillaten utnyttingsgrad 30% BYA, men maksimalt 400 m² inkludert areal til parkering. Tiltaket er innanfor maksimal tillaten utnytting både for %BYA og tillaten BYA.

Bygning med bygningsnummer: 158 245 191 er revet.

Tiltaket er vurdert til å vere i tråd med gjeldande føresegn og forskrifter.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 08.06.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
2. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
3. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

4. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
5. Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
6. Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Gebyr

For handsaming av søknaden er det eit gebyr på kr. 8 755 jf. kommunens betalingssatsar § 3.2.2.1. <https://www.oystre-slidre.kommune.no/f/p1/i74dc1b64-d73f-4f4b-b793-317b2f01e69c/byggesaker.pdf>

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Frank Skoglund
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.